



Ørjar Nydal
Torvund
6947 LAVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3698 - 17/29964

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
07.11.2017

Pålegg om heving av skøyte og varsel om tvangsmulkt - gbnr 84/3 Kvalvågnes

Administrativt vedtak. Saknr: 510/17

Lindås kommune viser til varsel om pålegg om heving av skøyta datert 11.07.2017.

Det følgjer av forureiningslova § 7 at «*ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11.*

Når det er fare for forurensning i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensning sørge for tiltak for å hindre at den inntrer.»

Ordlyden «kan medføre fare for» er praktisert slik at det er tilstrekkeleg at det ligg føre ein sakleg grunn til mistanke om at forureining kan skje.

Lindås kommune vurderer det slik at det er ein reell forureiningsfare frå skøyta når den ligg i sjøen med drivstoff og andre miljøskadelege stoffar intakt i båten. Dette i tillegg til andre gjenstandar som er på båten. På bakgrunn av det må gjerast nødvendige tiltak for å heva skøyta.

Vi har motteke melding frå ein person som har padla i dette området, der det vert vist til at det er vrakrester og vestar som flyt i sjøen i dette området.

Båten ligg i eit kartlagt friluftsområde med viktige interesser. Området Lurefjorden og Lindåsosane ligg og innanfor eit område som er kandidat til marint vern. Dette skuldast mellom anna dei hydrologiske tilhøva. Etter vår vurdering er båten slik den ligg eit forureiningselement som kan få negative verknadar på naturmangfaldet i området dersom forureining skjer. Vidare vil det få verknader for bruk av området til rekreasjon og ferdsel for friluftsliv.

Vi har ikkje motteke melding frå deg om at det er gjort tiltak for å heve båten. Etter forureiningslova § 7 4.ledd kan kommunen som forureiningsmynde gje pålegg om tiltak for å unngå fare for forureining.



VEDTAK:

Lindås kommune gjev deg som eigar av skøyta pålegg om heving og lense den for sjøvatn innan 01.01.2018. Alle lause gjenstandar i båten må sikrast, slik at dei ikkje fører til forureining i området. Vedtaket er gjeve med heimel i forureiningslova § 7 4.ledd.

Dersom det vert avdekka lekkasje/forureining frå båten ved heving må dette meldast til kommunen straks og avbøtande tiltak for å unngå forureining må iverksetjast omgående.

Når du har heva båten starta arbeid med lensing av sjøvatn, skal du sende ei skriftleg tilbakemelding til postmottak@lindas.kommune.no eller per post til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø. Foto av skøyta skal leggast ved.

Dersom pålegget ikkje vert følgd opp, kan Lindås kommune iversette tiltak for å heve skøyta for din rekning, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

Vi rår til at du flyttar båten til ein annan eigna stad for reparasjon og i standsetting.

Varsel om tvangsmulkt

Det følgjer av forureiningslova § 73 at det kan fattast vedtak om tvangsmulkt for å sikra gjennomføring av vedtak gjeve med heimel i forureiningslova.

Dersom du ikkje følgjer pålegget og hevar båten og startar arbeid med lensing innan fristen, vil vi vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at du må betale kr. 1 000 per veke dersom skøyta ikkje er heva innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt er fatta. Tvangsmulka går heilt til skøyta er heva og lensa for vatn, og det er sendt inn skriftleg dokumentasjon på dette til kommunen.

Har du kommentarar til varselet, kan du senda dei til Lindås kommune innan **to veker** etter at du får dette brevet, jf. forvaltningslova § 16.

Andre forhold:

I e-posten din viser du til at du har løyve frå Bergen Havnevesen til å ha skøyta fortøyd her. Vi ber om at kopi av vedtaket frå Bergen og Omland Havnevesen vert sendt til Lindås kommune.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/3698

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Varsel om pålegg for heving av skøyte ved Straumøy i Lindås

Kopi til:

Ørjar Nydal	Torvund	6947	LAVIK
-------------	---------	------	-------

Mottakarar:

Ørjar Nydal	Torvund	6947	LAVIK
-------------	---------	------	-------